

Rottem, Kjølstad og Teigen gnr. 154

Av Knut Raastad, januar 2025



Frå Lalm 1953. Foto frå Oddvar Fossheim / NVE, digitaltmuseum.no

Rottem

Gnr. 154

Anders og Arne brukte Kleppe saman og dei fekk også tak i Rottem og Austrem. Anders hadde sonen Jo, Arne hadde sonen Anders.

Jo overtok Kleppe med Hekkje og Dalom, Anders fekk bl.a. Rottem og Austrem samt Berge i Gausdal der han busette seg. Jo fekk også tak i Mo.

Jo Andersen var gift med Brit Endresdotter truleg frå Bjølstad, dei hadde sonen

Knut

Jo vart gift på nytt med Aagot, dei hadde sonen

Anders

Anders fekk Rottem og Ellingsbø og kom til Ner-Bjørnstad.

Anders hadde dottera Aagot som kom til Tolstad.

Jon Rottem hadde i 1615 3 huder i Rottem. Han var bror til Anders Pålsen Bjørnstad og dei hadde felles verfar. Jon Rottem var son til Pål Kristensen og Ågot Tolstad. Jon Rottem var gift med Marit Bjørnstad n. dotter til Sjugurd og Synnøv Bjørnstad. Jon og Marit hadde 4 barn:

Pål d.1660, på Kruke

Syver

Rasmus

Anders f.ca.1606 d.ca.1673, g.m. Bergette Guttormsdotter. Til Skår ø.

Koppskatten 1645 viser at brukarane da var Syver og Rasmus som baa var gifte. I 1657 var brukarane Syver og brorsonen Jon Pålsen f.ca.1635, desse var det også som hadde Rottem 2 huder 11 skinn i 1668. I manntalet 1666 står det at oppsitjar var Jon Pålsen som brukte 3 huder, dette inkluderer da 1 skinn i Kjølstad. Det ser ut til at eldste bror til Syver og Rasmus har hatt eigarskap av mykje av Rottem. Pål Jonson Kruke d.1660 var gift med Anne d.1671, dei eigde 2 huder 4 skinn i Rottem. Dette stemmer også med jordebok 1661 da Jon var eigar av 2 huder 4 skinn og Syver 7 skinn. Pål og Anne eigde og dreiv Kruke og hadde 7 barn:

Jon f.1635, på Rottem

Lars f.1639, brukar av Kruke 1661- ca.1670

Tosten f.1654, brukar av Rottem frå 1673

Synne

Ågot

Gunhild

Randi

Jon Pålsen Rottem vart som nemnd registrert som brukar frå 1657, han tinglyste i 1671 kjøpebrev på 7 sk i Rottem frå onkelen Syver Jonsen Rottem. Men frå ca. 1670 var Jon brukar på Kruke. Jon Pålsen var gift med Marit Olsdotter Sandbu u-s f.ca.1645 d.1700, dei hadde 5 barn:

Pål

Ola

Jon, brukar på Kruke

Iver, eigar av Bryn?

Anne

Tosten Pålsen Kruke overtok Rottem ca. 1673 da broren Jon overtok Kruke etter broren Lars. Thosten Pofuelen Kruke fekk i 1673 1 hud i Rottem frå broren Laurits mot at Laurits fekk 1 hud i Kruke. Same året kjøpte han ½ hud odelsgoods i Rottem for 36 rd. Tosten Rottem vart i 1702 stemna for pengegjeld, pant for 495 rd i 1 hud 10 sk i Rottem til Pål Tolstad. Skoskatten 1711 nemnde Torsten Rottem med kvinne og to barn. Skifte etter sonen i 1724 viser at Tosten Rottem var gift med Ingeborg Olsdotter, dei hadde 8 barn:

Tiøstel d.ca.1724

Povel, neste eigar

Siver, truleg han som reiste odels sak i 1747

Anne g.m. Poul Jonsen

Sigri g.m. Lars Siversen

Brit g.m. Elef Christensen

Ingelev f.ca.1702

Aagaat f.ca.1704

I åra kring 1720 var det mange skiftande eigarar og brukarar av Rottem som da var delt i to, nørdrø og sørø. I 1721 går det fram at Pål Tostensen eig Rottem med underliggende Kjølstad 3 huder, han skuldar 904 rd. Han gjer avtale om at han byter med slektningen Iver Jonsen slik at Iver overtek Rottem 3 huder og Paul Tostensen skal ha Bryn i Ruste 5 huder med innløyising den 6. hud. (Iver Jonsen var truleg son til Jon Pålsen Rottem/Kruke og såleis syskjenbarn til Pål Tostensen). Paul Tostensen skal behalde Kjølstad 1 skinn samt to plassar som Siver Øverskår og Anders Halvorsen brukar og bebur. Men Iver Jonsen Bryn fekk i 1724 dom på at han hadde skilt seg ved Rottem.

Iver Kleppe fekk seg tildømt Rottem for 900 rd i 1719, dette skuldast pant i garden. I 1721 var det odelsløyisingssak der Paul Tostensen ville løyse garden. Svend Kruke garanterte betaling for løyising av halve garden for 450 rd pluss leige for dei siste åra Paul Tostensen brukte garden som må ha vore 1719 og 1720. Også broren Tiøstel Tostensen var varsla, han ville behalde halvdelø av Rottem i samsvar med ei avtale i 1715. Denne nørdrø delen hadde Iver Kleppe brukt ei tid. Paul Tostensen vart også tildømd å løyse denne delen for 450 rd frå Iver Kleppe. I 1722 var brørne Powl og Tiostel Tostensøner samde om deling av Rottem, Powl skal ha til odel og eige dom halvdelø av Rottem som Powl Joensen nå brukar medan

Tiøstel skal behalde den andre halvdel som Powl Raastad brukar, løysingssum 482 rd. Paul Raastad hadde overteke pant i den nørde delen, medan brorern Sven Kruke hadde betalt søre delen av Rottem og viss gjelda ikkje vart betalt krevde dei å få overta eigedomsretten. I 1724 døydde Tjøstel Tostensen.

I 1725 var det auksjonsskjøte på Rottem med Kjølstad og fleire plassar 3 huder for 1150 rd, høgstbydande Østen Johannesen Lie som fekk tilslaget har erklært at garden er seld til Tosten Tiøstelsen Waldberg som har betalt denne summen. I ei seinare sak går det fram at Ola Kleppe/Mo fyrst kjøpte garden frå Østen Lie med bortleige til Ole Hansen Snerle, året etter selde Ola Mo garden vidare til syskjenbarnet Tosten Valbjør. Auksjonen skjedde etter begjæring av panthavarane Povel Raastad og Svend Kruke, og med samtykke av Povel Tostensen som odelsmann. Siver Tostensøn Nygaard og sonen Tosten Siversøn av Gusdahl gjorde i 1748 forlik med Tosten Tiøstelsen Valbjør Rotteim om at dei ikkje skulle hevde innløysing og odel på Rottem. Tosten Siversen var truleg son til Siver Tostensen Rottem.

Torstein Tjøstolvsen Valbjør f.ca.1698 var son til Tjøstolv Torsteinsen Kleppe f.ca.1666 og Synnøve Persdtr. Sandbu f.ca.1667 d.ca.1700. Torstein var gift med Ingeborg Eriksdotter Kvarberg ø dotter til Erik Østensen Kvarberg 1674-1751 og Marit Johannesdtr. Sandbu ø-n. Torstein og Ingeborg hadde 1 barn:

Synne f.ca.1725 d.ca.1794, neste brukar

I 1761 var det skjøte frå Tosten Tiøstelsen Raatteim til dottera Synnef Tostensdotter og hennar mann Povel Olsen Heringstad. Poul Olsen f.ca.1725 d.ca.1781 var truleg son til Ola Guttormsen Heringstad 1701-1744 og Ragnhild Pålsdtr. Tolstad 1705-1752. Pål og Synnef Tostensdotter hadde 4 barn:

Ragnhild f.1757, g.m. Just Guttormsen Skårå 1756-1841

Tosten, neste brukar

Tiøstel f.ca.1763

Ole f.ca.1766

I 1781 var det skjøte frå Sønnøv Tostensdotter Rottem til sonen Tosten Paulsen Rottem på Rottem 3 huder for 1000 rd. Tosten Poulsen d.ca.1797 var gift med Gunnild Jonsdotter Glimsdal Øy d.etter 1798. Gunhild vart 1800 gift på nytt med Iver Olsen Østrem f.ca.1773, dei var fyrst i søre Veggum og så på Kjølstad. Tosten og Gunhild hadde 3 barn:

Poul f.1789

Ingri f.1792

Jon f.1795

I 1798 var det auksjonsskjøte på Rottem 3 huder med 8 husmannsplassar (Reeret, nedre Kiølstad, Enersplassen, Hagen, Barhaugen, Bakkum, øvre Bakken og gamle Hagen) til Ole Iversen Tofte for 4300 rd. Ole Iversen Tofte, Sør-Fron f.ca.1759 d.1840 var gift med Mari Olsdotter f.ca.1760 d.ca.1840 dotter til Ole Johannesen Steig, Sør-Fron 1735-1806 og Guri Olsdtr. Graffer, Lom 1737-1802. Ole og Mari hadde 5 barn:

Iver d.e. f.ca.1789, neste brukar

Iver d.y. f..ca.1792
Anne g.m. overrettsprokurator Randklev
Mari f.ca.1796, g.m. Bersvend Tofte i Fron
Guri f.1801, ugift

Ole Iversen Rottem selde og skjøta i 1805 Rottem 2 h 11 sk til eldste sonen Iver Olsen for 1800 rd., da var Kjølstad 1 skinn ikkje med. Iver Olsen Rottem hadde som ugift med Anne Jonsdotter Rottem 1786-1876 1 barn:

Joen f.1825

Iver Olsen Rottem selde og skjøta i 1811 Rottem 2 h 11 sk til jomfru Karen Kristine Tronhuus for 5000 rd. Karen Kristine Tronhus, Sørem 1781-1853 var dotter til Jens Tronhus 1711-1807 og Ingebrg Tax f.ca.1740 d.1819. Karen Kristine vart 1812 gift med Johan Clements Trosdahl, Håmår u. f.1790 son til Knut Trosdahl 1744-1823 og Johane Fredrikka Hansdtr. Hvid, Follidal 1764-1840. Karen Kristine og Johan Clements hadde 1 barn:

Johan 1818-1820

I 1816 var det skjøte på Rottem 2 huder 11 skd frå Johan Trosdahl til Bonde Johannesen, Erich Johannesen og Tjøstel Erichsen for 10000 rbd. Bonde Johannesen og Erik Johannesen var truleg frå Siljuhaugen på Dovre, sønner til Johannes Eriksen f.ca.1737 og Rønnog Jonsdtr. f.ca.1740 som var føderådsfolk der i 1801. Truleg var det halvbror deira som da var brukar på Siljuhaugen. Tjøstel Eriksen var i 1801 tenar på Rottem, han var frå Bakkom under Rottem son til Erik Olsen Lindsø, Dovre f.ca.1750 d.1841 og Brit Tjøstelsdtr. Kleppe 1751-1834.

Erich Johannesen Rottem 1781-1820 var gift med Guri Biørnersdotter Ekre, Dovre. I 1814 var dei på garden Engan i Oppdal. Det var skifte 1821 med salgssum for hans del av garden Rottem 293 spd. Erik og Guri hadde 5 barn:

Rønnoug f.ca.1811

Johannes 1814-1848, g.m. Gunhild Jørgensdtr. Krogstad, Dovre. Til Barhaugen

Biørner f.1817

Syver 1819-1819

Ragnhild f.1821

Tjøstel Eriksen f.1780 var gift med Mari Jacobsdotter, dei hadde 3 barn:

Ingeborg f.1820

Ole f.1822

Berthe f.1825

Før ekteskapet hadde Tjøstel med Mari Larsdtr. Hovdet dottera:

Rønnov f.1819

Bonde Johannesen Rottem f.ca.1778 d.1864 vart 1819 gift med Ragnild Jonsdotter Sønsteng f.ca.1779 d.1857. Ho var føderådsdame på Rottem da ho døyde.

Bonde Johannesen og Kiøstel Erichsen Rottem selde i 1825 Rottem 2 huder 11 skinn til Ole Poulsen Haagenstad for 400 spd. Bonde Johannesen skal bruke garden vidare, også den tredjedel som Tjøstel Erichsen har brukt, så lenge som Ole Iversen og hustru lever og har føderåd. Bonde Johannesen og hustru Ragnild Jonsdtr. skal ha føderåd frå det tidspunkt at kjøparen tiltrer garden. Ole Iversen og kona døydde ca. 1840, dermed var det truleg da at Ole Håkenstad overtok drifta. Obligasjon i 1841 viser at Bonde Johannesen Rottem skulda 305 spd til Ole Paulsen Haagenstad som han sat att med som gjeld frå da han selde garden samt til dekning av opparbeidd gjeld til magasinfondet, Bonde Johannesen pantsatte bl.a. framtidig føderåd for å dekkje dette.

Ole Harildstad Haagenstad 1775-1866 var gift med Kari Tordsdtr. Bjølstad 1785-1868, dei hadde 4 barn:

Torstein 1811-1855

Guri 1813-1864, neste eigar

Ragnhild

Marit 1819-1873, g.m. Ole Nilsen Steig, Sør-Fron 1813-1872

I 1860 var det skjøte på Rottem frå Ole Haagenstad til dottera Guri for 3000 spd. Guri Håkenstad vart 1846 gift med Pål Pålsen Tofte 1816-1886, son til Pål Pålsen Tofte 1778-1856 og Mari Tordsdtr. Bjølstad 1780-1869. Pål Pålsen vart gift på nytt med Mari Pålsdtr. Angard 1841-1928 dotter til Pål Olsen Angard f.1800 og Kari Simesdtr. Viste 1800-1841. Mari Hågenstad som ho da heitte fekk i 1886 løyve til å sitja i uskifta bu etter mannen Paul Hågenstad. I både 1865 og 1875 budde det mange tenestefolk på Rottem.

I 1899 var det skjøte frå Mari Hågenstad til Torger I Veslum for kr 12000 og føderåd til Hans Grasdokken verdsett til kr 600. Torger Svendsen Veslum f.1869 var gift med Karen Fredriksdotter f.1863, dei kom baa frå Nord-Fron der dei fire fyrste barna var fødde. Dei hadde 5 barn:

Fredrik f.1892

Svend f.1892

Anton f.1893

Emil f.1895

Berger f.1900

I 1904 var det skjøte frå Torger I Veslum til Ole Thorgaard og L Sundby for kr 12000.

I 1905 vart frådelt 154-4 Brenna og 154-5 Nysæteren. Da vart det nemnd at av partane møtte personleg Anders Rottem (?) og Ole P Andvord. Dette viser det som blir sagt i familien at Ole Andvord kjøpte Rottem for å få tak i Nysætra. Samtidig i 1905 vart Brenna frådelt, Thorgard og Sundby hadde heimelen og heldt att dette området mot Melingen og Reiregrenda. Melsæter 154-12 vart frådelt frå Brenna med skjøte i 1918 frå Ole Thorgaard og L Sundby til Ola O Hovdet for kr 600.

I 1913 var det skjøte frå Ole P Anvord vedtatt av Ole Thorgaard og L Sundby til Iver J Kleiven for kr 7500,-. Men ved frådellingar i 1908 står det at det var Iver Kleiven som selde desse bruka, så dermed hadde nok han overteke etter at Ole Anvord hadde fått frådelt Nysætra. Iver Jakobsen Kleiven d.y. 1861-1926 var son til Jakob Iversen Kleiven 1803-1884 og Brit Knutsdtr. Svarvarhaugen 1824-1916. Iver var gift med Anne Hansdotter Ulmo 1868-1915, dei hadde 6 barn:

- Jakob f.1896
- Målfrid f.1898
- Borgny f.1900
- Gudrun f.1902
- Hallgjerd f.1905
- Solveig f.1908

I 1908 vart frådelt 154-6 Rottembakken og 154-7 Barhaugen med Gurilykkja. 154-9 Skogheim (Gurilykkja) vart frådelt frå Barhaugen i 1912.

I 1912 vart frådelt 154-10 Rottemshagen og 154-11 Einarspladsen.

I 1917 var det skjøte på Rottem frå Iver J Kleiven til dr. Ewald Bosse for kr 22000,-. Året etter i 1918 var det skjøte på Rottem frå Ewald Bosse til AS Rotheim for kr 25000,-.

I 1919 var det skylddeling av Rottem og garden vart delt opp til fleire nye gardsbruk:

- 154-14 Aspheim
- 154-15 Tangseter
- 154-16 Dokken
- 154-17 Øverjordet
- 154-18 Grindåkeren
- 154-19 Øvre Bakken
- 154-20 Rottem søndre

I 1931 var det gavebrev på attverande del av Rottem gnr. 154 bnr. 1 frå professor dr Ewald Bosse til Vågå kommune, verdsett til kr 3000. Dette arealet ligg ved Barhaugen og vart seld med skjøte til Kjell Barhaugen i 1991.

Ved delinga av Rottem vart Rottem søndre gnr. 154 bnr. 20 frådelt i 1919 med skjøte i 1920 frå AS Rotheim v/E. Bosse til Even Olsen for kr 7500. Denne eigedommen omfattar truleg det gamle gardstunet, i grunnboka er eigedommen nemnd som søndre Rottem da Bosse heldt att areal i nord som bnr. 1. I 1921 vart 6 mål av hamnehagen seld frå Even Olsen til Ola Skogheim for kr 1000. Even Olsen Larsløkken, Heidal 1885-1974 var son til Ole Ellefsen og Ragnhild Haugen. Even vart 1910 gift med Ingrid Hansdotter Botten, Dovre 1888-1983, dei hadde 8 barn:

- Ragna 1911-1987, g.m. Anton Gråberg
- Helmer Magnus 1912-1978, g.m. Anna Tøfte
- Ingvar Emil 1915-1988, g.m. Rønnaug Snerlebakken
- Oskar Olvar f.1917, neste brukar

Magne Melvin f.1919, g.m. Gunhild Skogum
Trygve f.1921-1984, g.m. Helga Sandum
Sigurd f.1923, g.m. Mari Stadeløkken
Emma Pauline f.1927, g.m. Kristen Haugen

Oskar overtok etter faren i 1952.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, slektene på Tolstad og Kleppe
Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Arnfinn Engen: Gards-og slektshistorie for Heidal, bind 2; Kruke
Gunnar Kaas og Arnfinn Engen, 2007: Bygdabok for Dovre - 4
Jakup Skjedsvoll: avskrifter skattelister mm.
Vegard Veierød: Heimfjellet

Tangsæter

Tangsæter er nedre delen av det gamle Rottem og vart frådelt som to bruksnummer. Aspheim gnr. 154 bnr. 14 og Tangsæter gnr. 154 bnr. 15 vart frådelt frå Rottem i 1919 med skjøte i 1920 frå AS Rotheim v/E. Bosse til Ole O Braaten d.y. for kr 4000. Ole Bråten f.1890 var frå Søremsbråten son til Ole Olsen Synnehaugen f.1869 og Mari Olsdr. Svarttjernulen f.1859. Ole vart 1915 gift med Anna Amundsdotter, Fåberg 1895-1929, dotter til Amund Rasmussen. Ole og Anna hadde 8 barn:

Olga 1915-1991, g.m. Amund Karusbakken 1904-1974
Aslaug 1916-1982, g.m. Hans O Damstuen 1908-1989
Hans 1918-1942, g.m. Anna Bråten f.1915
Klara f.1919, til Lillehammer
Mari f.1921, g.m. Arne Bruvik, Namdal
Agnes f.1922, g.m. Kristian Gudmundsrud, Jessheim
Hanna f.1924
Inger, til Jessheim

I mars 1928 var det påteikning i grunnboka at eigedommen var seld ved tvangsauksjon, og i april 1929 var det auksjonsskjøte til Kristen Smedsmo på både Aspheim og Tangsæter for kr 6000. Kristen Smedsmo 1889-1964 var frå Bakerstgu/Smedsmostugu i Vågåmo son til Hans Erlandsen, Nord-Fron 1834-1913 og Kari Kristensdr. Bergeenden f.1852. Kristen vart 1921 gift med Mari Ulsanden 1888-1968, dei hadde 1 barn:

Kåre Helge f.1929

Kåre Smedsmo overtok etter faren i 1964.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Dokken

Dokken er nedanfor Øverbygdsvegen, sør for det gamle gardstunet og vart ved delinga av Rottem bygd opp som eit nytt gardsbruk. Dokken gnr. 154 bnr. 16 vart frådelt frå Rottem i 1919 med skjøte i 1920 frå AS Rotheim v/E. Bosse til Ole P Kleiven for kr 7500. Ola P Kleiven, Heidal 1887-1966 var son til Per Kleiven og Marit Holet. Ola vart 1915 gift med Hanna Botten, Dovre 1891-1991, dei hadde 5 barn:

Magda f.1916

Hjørdis f.1917

Agnes f.1920

Peder f.1924, neste brukar

Alf f.1932

I 1948 var det skjøte frå Ole P Kleiven til sonen Peder O Kleiven. Peder vart 1955 gift med Ruth Sletten f.1932 dotter til Ragnvald Sletten og Inga Jakobsen Einarsplassen. Peder og Ruth hadde 3 barn:

Stein f.1955

Vidar f.1959, neste brukar

Ove Rolf f.1966

Vidar Kleiven overtok i 1991. Han vart 1983 gift med Beate Hidem, Brandbu f.1959 dotter til Sigmund Hidem f.1924 og Birgit Egge f.1924. Vidar og Beate har 3 barn:

Vegard f.1983

Helle f.1986

Sondre f.1992

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Øverjordet

Øverjordet ligg ovanfor Øverbygdsvegen ovanfor Dokken. Øverjordet vart ved delinga av Rottem bygd opp som eit nytt gardsbruk. Øverjordet gnr. 154 bnr. 17 vart frådelt frå Rottem i

1919 med skjøte i 1920 frå AS Rotheim v/E. Bosse til Hans H. Pladsen d.e. for kr 7000. I følgje Norske gardsbruk kjøpe Ole T Reiremo jorda i 1921 av Peder Flotten.

Ola T Reiremo 1887-1971 var son til Tor Reiremo og Kari Vold. Ola vart 1913 gift med Ragnhild P Brenden, Heidal 1888-1974. Ola og Ragnhild hadde 9 barn:

Tor 1913-1995, neste eigar

Kari f.1914

Paul f.1916

Marit f.1918

Kristen f.1920

Kristine f.1922

Olga f.1925

Martha f.1927

Amund f.1930

Tor overtok i 1958, han var gift med Gunhild Braaten f.1912 dotter til Syver H Braaten og Hanna Mo. Tor og Gunhild hadde 3 barn:

Else f.1945

Astrid f.1949

Elisabeth f.1958

Eigar frå 1991 er Ragnar Olderløyken f.1950 son til Knut Olderløyken f.1906 og Ragnhild Randen f.1910. Ragnar vart 1976 gift med Randi Stadeløyken f.1956 dotter til Arne Stadeløyken f.1932 og Solveig Aaboen, Lom f.1937. Ragnar og Randi har 2 barn:

Elisabeth f.1974

Gunn Tove f.1977

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Grindåkeren

Grindåkeren ligg nedanfor Øverbygdsvegen sør for Dokken. Grindåkeren vart ved delinga av Rottem bygd opp som eit nytt gardsbruk. Grindåkeren gnr. 154 bnr. 18 vart frådelt frå Rottem i 1919 med skjøte i 1920 frå AS Rotheim v/E. Bosse til Erik Bakkum for kr 7000. Eirik Bakkum 1865-1958 var son til Eirik Bakkum og Kari Einarsplassen. Eirik vart 1884 gift med Mari Bakka 1857-1929, dei var tidlegare på nedre Bakkom der sonen Ola overtok i 1923. Eirik og Mari hadde 5 barn:

Kari

Ola 1889-1984, g.m. Oline Rustbakken, Heidal 1897-1963. På nedre Bakkom.

Kristoffer

Ragnvald

Marit 1897-1986, neste brukar

Marit Bakkum var eigar frå 1959. Edvard Bakkum 1916-1975 som var sonen til broren Ola budde også på Grindåkeren.

Dotter til Ola Bakkum, Mari f.1921 overtok Grindåkeren i 1986. Mari vart 1949 gift med Engebret Teighagen, Sel f.1918, dei hadde 1 barn:

Oddny f.1949, neste eigar

Oddny Teighagen, Sel overtok Grindåkeren i 1993. Ho vart 1987 gift med Hans Bjørn Hansen, Ringebu f.1956 son til Håkon Hansen,Sør-Fron f.1907 og Borghild Kampen f.1915.

Oddny og Hans har 3 barn:

Mari Helen f.1985

Bjørn Egil f.1987

Oline Merete f.1989

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Bakkom øvre

Syver Bachen vart i 1776 under Rottem nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja, det er usikkert kven av Syver og Jacob som var på øvre og kven som var på nedre Bakkom. Syver Olsen vart også nemnd som husmann i 1778, i 1780 og 1781 vart han nemnd som Syver Enerspladsen og var da kome dit. I 1782 står han som Syver Olsen att. Syver f.ca.1742 d.1805 vart 1771 gift med Anne Olsdotter Skaar ø.1747-1834, i 1790 overtok dei øvre Skår. Syver og Anne hadde 1 barn:

Ole 1772-1863, g.m. Imbjør Hansdtr. Klokkargarden. Til Skår og Spelmannstugu.

Ole Imbretsen f.ca.1740 d.1822 var i 1801 husmann under Rottem. Ole vart ca.1762 gift med Inger Jonsdotter f.ca.1739 d.1819. Ole og Inger hadde 2 barn:

Ingri f.ca.1771

Jon f.ca.1779, neste familie

Jon vart 1798 gift med Kari Sørensdotter f.ca. 1769. Jon og Kari hadde 2 barn:

Ingri f.ca.1799

Christen f.1800

Ivar Skurdal 1785-1831 var frå Svarvarhaugen, son til Knut Amundsen Skurdal og Marit Knutsdtr. Iver vart 1806 gift med Rønnov Stenersdotter Nesset f.ca.1786 d.1849 dotter til

Stener Olsen Nettet 1747-1812 og Brith Povelstr. f.ca.1754 d.1796. Ved barnefødsler fram til 1821 var familien på Skårseie som truleg var Skurdal, etter dette var dei på Rottemseie som truleg var øvre Bakkom. Det er kjend at Ivar var pottemaker ved Melsætra. Iver og Rønnaug hadde 9 barn:

Marit f.1806, neste brukar

Knut 1810-1834, Rottemsbakken

Stener 1812-1857, seinare brukar

Brith 1815-1887, g.m. Nils Olsen Snerleeie 1803-1883. Til Snerlebakken

Iver f.1818, g.m. Jørann Olsdr. Harlaugseie f.ca.1817. Til Fron

Poul f.1821, g.m. Rønnaug Hansdr. Sørum Laurgardseie f.ca.1822. Til Bud.

Mali f.1824

Amund f.1827

Amund f.1829

Liste over husmannspengar i 1832 viser at Thord Bakken var husmann under Rottem. Dette kan vera Thor Knutsen Kleppeie f.ca.1803 son til Knut Kleppeie. Thor vart 1830 gift med eldste dottera på Bakkom Marit f.1806. Ved barnefødsler var dei i 1830 på Rottemseie (Bakkom), medan dei i 1826 og 1833 var på Kleppeiege. Dei kom seinare til Kluften. Thor og Marit hadde 3 barn:

Pauline f.1826

Rønnaug f.1830

Knut f.1833

Stener Bakkom 1812-1857 vart 1834 gift med Kari Johannesdr. Tolstadeie f.ca 1811 dotter til Johannes Kleiven. Ved barnefødsel i 1836 var Steinar og Kari husmannsfolk på Kleiven under Tolstad, frå 1839 på Bakken under Rottem eller Rottemseie. Kari var i 1865 føderådskone på Bakkom. Steinar og Kari hadde 7 barn:

Rønnaug f.1833, neste brukar

Johannes f.1836

Iver f.1839

Anne f.1842

Knut 1846-1867

Marit f.1849, seinare brukar

Kari 1852-1866

I 1865 var Erik Knutsen f.ca.1825 husmann med jord. Han var gift med Rønnaug Stenersdotter Bakkom f.1833, dei hadde 5 barn:

Marit f.ca.1856

Kari f.1858

Iver f.1861

Anne f.1863

Johannes f.1864

I 1875 var Østen Østensen f.1847 husmann med jord, han var truleg frå Mosebakken i Heidal son til Østen Østensen f.ca.1815 og Anne Kristensdatter f.ca.1810. Østen f.1847 var gift med Marit Stenersdotter Bakkom f.1849, dei hadde 5 barn:

- Østen f.1867
- Kari f.1871
- Anton f.1872
- Anne f.1873
- Ole f.1875

I 1900 var Anne Ingebretsdotter Bakkom f.1838 frå Lesja husmannskone, sonen dreiv husmannsplassen. I 1891 vart sonen nemnd som familiens overhovud. I 1875 var Anne og barna inderstar i Gurilykkja, i 1865 losjerande i Barhaugen. Anne Engebretsdotter Norderhusgrinden var dotter til Engebret Andersen. Anne vart 1863 gift med Jakob Iversen Rottenseie f.ca.1833 son til Iver Henningsen og Mali Jacobsdtr. Rottenseie. Jakob var i 1865, 1875 og 1891 tenestekar på Rottem, i 1910 var det Jakob som stod som husmann på Bakkom. Anne og Jakob hadde 3 barn:

- Iver f.1863, neste brukar
- Marit f.1869, ugift budeie på Bakkom i 1910
- Ingeborg f.1872

I 1920 var Iver Jakobsen Bakken husmann på øvre Bakkom, ingen andre budde der da.

Bakkom øvre ligg ovanfor nedre Bakkom og var i 1900 husmannsplass undet Rottem, truleg er dette plassen som også vart nemnd i skjøte på Rottem i 1798. Ved frådelling frå Rottem i 1919 var det også med areal sør for nedre Bakkom, og eit areal låg nedanfor Øverbygdsvegen. Øvre Bakkom gnr. 154 bnr. 19 vart frådelt frå Rottem i 1919 med skjøte i 1920 frå AS Rotheim v/E. Bosse til Marit E Bakkum for kr 5000. Marit 1897-1986 var dotter til Eirik Bakkum 1865-1958 og Mari Bakka 1857-1929 som var på nedre Bakkom og seinare på Grindåkeren. Marit Bakkom overtok Grindåkeren etter foreldra i 1959. I 1934 vart øvre Bakkom delt ved at nedre delen som er nedre Kjølstad vart frådelt som gnr. 154 bnr. 28, matrikkelskylda vart sett lik for Kjølstad og det attverande bruket. Ole P Kjølstad vart i 1934 oppgjeve som eigar og han fekk auksjonsskjøte i 1936 for kr 1000.

I 1936 var det auksjonsskjøte på øvre Bakkom gnr. 154 bnr. 19 til Hans Sandum. I Norske gardsbruk står det at han kjøpte øvre Bakkom i 1931. Hans Sandum, Lom 1891-1965 var son til Per Sandum og Pernille Seterdalen. Hans vart 1915 gift med Anna I Tolstadløyken 1892-1971, dei hadde 13 barn:

- Bernhard 1915-1988, g.m. Kari Lauvrud f.1921
- Ingvald Rudolf f.1917
- Mathias Albert f.1919
- Paul Henry f.1920
- Helga Asbjørg f.1922
- Magne f.1925
- Ragnhild f.1928

Aksel f.1929
Marie f.1931, neste eigar
Borghild f.1932
Marit f.1933
Liv f.1937

Marie overtok i 1977, ho vart 1952 gift med Syver Grasdalsmoen, Lom f.1930 son til Ola Grasdalsmoen og Rønnaug Øverli. Marie og Syver har 1 barn:

Anne Rønnaug f.1952

Eigar frå 1990 var brorsonen Bjørn Sandum f.1947 på Lauvrud, son til Bernhard Sandum 1915-1988 og Kari Lauvrud f.1921. Øvre Bakkum vart dermed drivi saman med Lauvrud.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997

Nedre Bakkom – Rottemsbakken

Jacob Bakken vart i 1776 under Rottem nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja. Ein Jacob Bakken hadde 5 barn, men det er usikkert om det var her: Ole f.1766, Kari f.1769, Kari f.1771, Marit f.1774 og Jon f.1778.

Erik Olsen Lindsøe, Dovre f.ca.1747 d.1841 vart ca.1780 gift med Brit Olsdotter Kleppe 1751-1834, dotter til Ole Paulsen Tolstad 1715-1774 og Ragnhild Tjøstolvsdtr. Kleppe s. f.1725. Erik og Brit hadde 5 barn:

Tjøstel f.1780, g.m. Marit Jakobsdtr. Til Rottem
Ole 1783-1860, g.m. Ragnhild Ingebretsdtr.. På Rottemskleiven.
Marit 1787-1868, neste brukar
Ragnhild f.1791
Kari 1795-1880, g.m. Hans Paulsen Blesosomeie f.ca.1788 d.1868, til Grasdalsmoen, Lom.

Marit 1787-1868 var gift med Ole Thoresen Moshuset 1784-1857 son til Thore Larsen Moshuset f.ca.1747 d.1818 og Marit Hansdtr. Nystuen (u. Storvik) f.ca.1756. Ole og Marit hadde 8 barn:

Thore f.1810
Ragnhild f.1814
Marit f.1816
Brith 1819-1819
Erik f.1821, neste brukar

Kari f.1824
Ole f.1827
Brith f.1829

Erik f.1821 vart 1846 gift med Kari Jakobsdotter Rottemseie Einarsplassen f.1821 dotter til Jakob Jakobsen. Erik og Kari hadde 9 barn:

Ole 1845-1846
Marit f.1847, g.m. Paul Olsen Haugøy f.ca.1842. Paul til Amerika 1878
Mari 1849-1875, g.m. Ole Johansen Sveeie f.ca.1845. Ole til Amerika 1881
Ragnhild f.1852, til Amerika 1883
Ole f.1855, til Amerika 1880
Jakob f.1857, til Amerika 1883
Anne f.1859, til Molde 1883
Kari 1861-1896, g.m. Ener Johnsen Skurdal 1860-1954
Erik 1865-1958, neste brukar

Erik f.1821 vart 1871 gift på nytt med Sigri Syversdtr. Gjedsiden, Sel f.ca.1820.

Rottembakken gnr. 154 bnr. 6 vart frådelt frå Rottem gnr. 154 bnr. 1 i 1908 med skjøte frå Iver J Kleiven til Erik E Bakken for kr 1900,-. Erik 1865-1958 vart 1884 gift med Mari Iversdotter Bakken 1857-1929 dotter til Iver Knutsen Bakken. I 1891 budde Erik og Mari med familie på Rottem. Erik og Mari kjøpte Grindåkeren i 1920 og flytta dit. Erik og Mari 5 barn:

Kari f.1884
Ole 1889-1984, neste brukar
Kristoffer f.1891, g.m. Rønnaug Tronhus
Ragnvald f.1895
Marit f.1897. På Grindåkeren.

Ole 1889-1984 overtok etter faren i 1923. Bakkomsætra vart frådelt frå Brenna i 1912 med skjøte i 1913 til Ole E Bakkum for kr 1000,- (Brenna var skogsområdet som vart frådelt frå Rottem i 1905). Ole vart 1916 gift med Oline Rustbakken, Heidal 1897-1963 dotter til Ole Torgersen Rustbakken f.1853 og Marit Olsdtr. Svarvarhaugen, Heidal f.1864. Ole og Oline hadde 10 barn:

Edvard 1916-1975. Til Grindåkeren.
Marit f.1918, g.m. Ivar Stampen, Sel
Mari f.1921. Til Grindåkeren
Ottar 1923-1984, g.m. Karin Hagen
Ola f.1926, neste brukar
Kari f.1928, g.m. Engebret Ulvolden
Kristoffer 1930-1934
Jenny f.1932, g.m. Ola Rønningen, Sel
Kristoffer 1934-1986, g.m. Reidun Bjørnvolden
Jon f.1938, g.m. Astrid Apelgren

Ola f.1926 overtok etter faren i 1972. Han flytta til sætra i 1975.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Oversikt frå Paul Brun / R. M. Istad, Kleive

Kjølstad øvre

I manntalet 1666 står det at oppsitjar på Rottem var Jon Pålsen som brukte 3 huder, dette inkluderer da 1 skinn i Kjølstad.

Kjølstad engeland 1 skinn vart i 1668 brukt under Skår og tilhørde bonden Anders.
I 1678-1680 var både Anders og Nils brukarar av øvre Skår 1 b.pund fisk (8 skinn) saman med 1 skinn i Kjølstad.

I 1721 går det fram at Pål Tostensen eig Rottem med underliggende Kjølstad 3 huder, skuldar 904 rd. Han gjer avtale om at han byter med slektningen Iver Jonsen slik at Iver overtek Rottem 3 huder og Paul Tostensen skal ha Bryn i Ruste 5 huder med innløyising den 6. hud. (Iver Jonsen var truleg son til Jon Pålsen Rottem/Kruke og såleis syskjebarn til Pål Tostensen berettiget). Paul Tostensen skal behalde Kjølstad 1 skinn samt to plassar som Siver øverskår og Anders Halvorsen brukar og bebur.

I 1725 var det auksjonsskjøte på Rottem med Kjølstad og fleire plassar 3 huder for 1150 rd, høgstbydande Østen Johannesen Lie som fekk tilslaget har erklært at garden er seld til Tosten Tiøstelsen Waldberg som har betalt denne summen.

I 1745 lånte Tosten Rottem 140 rd. av Thord Fridreichsøn og Thord skulle bruke plassen Kjølstad 1 skinn til pengene var attendebetalt.

I 1751 var det skifte etter Lars siversen som da var død. Lars var gift med Randi Gulbrandsdotter, dei hade 2 barn:

Gulbrand f.ca.1747

Aase f.ca.1750

I 1758 bygsla Tosten Tiøstelsen bort plassen Kjølstad skyld 1 skinn til Chrisen Siversen. I 1766 var det skifte etter Christen Sivertsen som da var død. Christen var gift med Ingri Pedersdotter, dei hadde 4 barn:

Rønnoug f.ca.1753

Per f.ca.1756

Siver f.ca.1759

Marith f.ca.1760 d.1825, neste brukar

Marit Christensdotter vart 1788 gift med Johans Poulsen f.ca.1754 d.1835. I 1801 var Johans husmann under Rottem, da han døydde i 1835 var han legdslem og nemnd som Kjølstad. Johannes Kiølstad vart nemnd i liste over husmannspengar i 1776. Johannes og Marit hadde 1 barn:

Ragnild f.1780

I 1798 var det auksjonsskjøte på Rottem 3 huder med 8 husmannsplassar (Reeret, nedre Kiølstad, Enersplassen, Hagen, Barhaugen, Bakkum, øvre Bakken og gamle Hagen) til Ole Iversen Tofte for 4300 rd. Da Ole Iversen overdrog Rottem til sonen i 1805 var det 2 huder 11 skinn, så da var Kjølstad 1 skinn frådelt. Enkja etter den førre eigaren av Rottem, Tosten Paulsen 1753-1797, Gunhild Jonsdotter Glimsdal Øy f.ca.1865 d.1840 har truleg overteke Kjølstad. Gunhild og Tosten hadde 3 barn:

Poul 1789-1835, neste brukar

Ingri f.1792, g.m. Anders Halvorsen

Jon f.1795

Gunhild vart 1800 gift på nytt med soldat Iver Olsen Østrem f.ca.1773, i 1801 var dei gardbrukarar på søre Veggum som dei selde i 1804. Iver var frå Austrem n. son til Ole Olsen Teige/Leine 1726-1801 og Lisbeth Nilsdtr. Bjørge 1736-1813. Iver og Gunhild hadde 1 barn:

Torø f.1800, ugift i 1841

Kjølstad engeland hadde løpenr. 162, matr. nr. 129 av gml. skyld 1 skinn, gnr. 154 bnr. 2.

I 1811 var det skjøte på Kjølstad 1 skinn frå Iver Olsen til stesonen Paul Tostensen for 100 rd. samt kontrakt på føderåd frå Paul Tostensen til Iver Olsen og Gunhild Johnsdr. Poul Torstensen Kjølstad 1789-1835 vart 1815 gift med Marit Erlandsdotter Lien f.ca.1790 d.1861 dotter til Erland Pedersen øvre Lien d.ca.1803 og Embjørg Larsdtr. Poul Kjølstad vart nemnd i liste ovr husmannspengar i 1832 og 1833. Paul og Marit hadde 6 barn:

Gunnild f.1815, g.m. Anders Olsen Rustmoen f.ca.1816. Båtstad.

Ingeborg f.1818, hadde med Poul Andersen Bjølstadeie sonen Poul Poulsen f.1842

Thore f.1821, neste brukar

Tosten f.1824, g.m. Marthe Berntsdr., dei hadde dottera Maria f.1862 og budde på

Kjølstad i 1865

Anne f.1828

Ragnild 1832-1837

I 1845 var det skjøte frå enkja Marit Erlandsdotter til Anders Christensen på Kjølstad for 250 spd. Anders var son til Christen Johnsen Ekre. Anders vart 1850 gift med Torø Poulsdotter Kjølstad, dotter til førre brukarane. Anders og Torø hadde 2 barn:

Poul f.1855

Christen f.1859

I 1868 var det skjøte frå Anders Christensen til Ole Arnesen Valdeieie for 600 spd. Tosten Paulsen og hustru skulle ha rett til å ha ståande ein stugubygning. Ole Arnesen Ødegården

1825-1892 frå Arnøygarden var gift med Anne Johnsdotter, Smøla 1835-1926, dei hadde 2 barn:

John Albert 1869-1950, g.m. Ragnhild Pålsdtr. Snerle s 1864-1949. Til Skår ø.

Gunhild 1874-1949, g.m. Gudbrand Pålsen Snerle 1870-1960. Til Skår n.

I 1900 fekk Anne Kjølstad føderåd frå Hans K Stubrud. Hans Stubrud 1852-1928 var son til Knut Pedersen Bilbeneie 1809-1881 og Marit Hansdtr. Faukstadeie 1805-1885. Hans vart 1886 gift med Marit Pålsdotter Kringlethaugen, Heidal f.1855 d.1925 dotter til Pål Hansen søre Randen, Heidal f.1818 og Tora Knutsdtr. Aspen, Heidal 1811-1886. I 1920 var Hans og Marit gardbrukarar på øvre Kjølstad.

I 1930 var det skjøte frå Ane J Kjølstad, John Kjølstad og Gunhild Skaar, samtlege arvingar etter Ole Arnesen Valde, til Tor H Teigen på 154 – 2 for kr 3000 inkl. eldre føderåd kr 1000. Tor Hansen Torstuen 1873-1943 var gift med Kari nedre Teigen 1875-1948 og familien brukte også nedre Teigen. I 1943 fekk enkja Kari Teigen hjemmel ved uskiftebu. Kari Teigen døydde i 1948. Tor og Kari hadde 2 barn:

Ragna f.1901, mor til Arvid Karlstad?

Marit f.1907, g.m. Ola Skår 1901-1977

I 1954 vart det notert hjemmelsovergang frå Kari Teigen til arvingane Marit Skår f.1907 og Arvid Karlstad f.1928. I 1958 var det skjøte på halvparten frå Arvid Karlstad til Marit Skaar.

Sonen til Marit Skaar, John Skaar f.1935 fekk skjøte i 1979.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.

Kjølstad nedre

Peder Toresen vart ca.1761 gift med Else Engebretsdotter f.ca.1740 d.1826. Else hadde føderåd hjå sonen Imbret i 1801. Peder og Else hadde 4 barn:

Tore f.1761

Engelbret f.1764, neste brukar

Peder f.1767

Anne f.1770

Soldat Ingebret Pedersen f.ca.1764 vart i 1793 gift med Marit Jørgensdotter f.ca.1763 d.1800. I 1801 var Imbret husmann under Rottem, og da sonen gifta seg i 1834 var Ingebret nemnd som Kjølstad. Ingebrigt Kjølstad vart nemnd i liste over husmannspengar i 1832 og 1833. Imbret og Marit hadde 3 barn:

Else 1794-1798

Jørgen f.ca.1796

Else f.ca.1799, ugift på Kjølstad i 1865

Imbrigt vart 1807 gift på nytt med Mali Jonsdotter f.ca.1784, dei hadde 3 barn:

Peder f.ca.1810 d.1877, neste brukar

Marit f.1814

Ingeborg 1826-1894, g.m. Jakob Jakobsen Håkenstadeige 1820-1909. Til Rottemshågå.

I 1865 og 1875 var Peder Engebretsen husmann på Kjølstad. Peder vart 1834 gift med Brit Thoresdotter Hestulen 1810-1894 dotter til Thore og Imbjør Hestulen. Peder og Brit hadde 1 barn:

Mari f.1834, neste familie

Peder hadde med Anne Olsdtr. Søremskleiven f.1797 1 barn:

John f.1831, til Grønlykkja

Mari Pedersdotter vart 1854 gift med Ole Amundsen Tolstadeie f.1832 son til Amund Henriksen Tolstadeie. I 1875 budde Ole og Mari på Kjølstad. Ole og Mari hadde 6 barn:

Peder f.1858

Ingeborg f.1861

Anders f.1864

Guri f.1865

Amund f.1866

Iver f.1874

Frå ca. 1894 var Peder Olsen husmann på nedre Kjølstad. Peder Olsen Kleiven f.1865 var son til Ole Olsen og Ingrid Pedersdtr. Kleiven n. Peder vart 1888 gift med Ingrid Knutsdotter Ruskeløkken 1863-1942 dotter til Knut Jakobsen. Peder og Ingrid hadde 5 barn:

Mari 1888-1911

Iver 1891-1953, øvre Teigen

Anne 1894-1968, g.m. Anton Paulsen Enge, Lalm 1892-1969

Torø f.1898, til øvre Teigen

Ole f.1903, neste brukar

I 1920 budde Iver P Kjølstad på nedre Kjølstad, han vart nemnd som gardbrukar og det kan vera på øvre Teigen for faren var husmann på Kjølstad. Iver var gift med Anne Iversdotter Sveine, Lom 1878-1954, dei kjøpte Drågen i 1924 og flytta dit. Iver og Anne hadde 2 barn:

Paul 1920-1993.

Marit f.1924

Øvre Bakkom gnr. 154 bnr. 19 vart frådelt frå Rottem i 1919 med skjøte i 1920 frå AS Rotheim v/E. Bosse til Marit E Bakkum for kr 5000. Dette ser da ut til å ha omfatta også nedre Kjølstad der jorda ligg nedanfor Øverbygdsvegen. I 1934 vart øvre Bakkom delt ved at nedre delen som er nedre Kjølstad vart frådelt som gnr. 154 bnr. 28, matrikkelskylda vart sett lik for Kjølstad og det attverande bruket. Ole P Kjølstad vart i 1934 oppgjeve som eigar og

han fekk auksjonsskjøte i 1936 for kr 1000. Ole f.1903 overtok øvre Teigen i 1927 og han budde der.

I 1972 var det skjøte på nedre Kjølstad gnr. 154 bnr. 28 og Teigen gnr. 4 bnr. 7 frå Ole P Kjølstad d.1976 til Ole J Skaar 1907-1977.

Teigen øvre – Håmårsteigen

I 1827 fekk Ingeborg Eriksdotter tinglyst husmannskontrakt på jordstykket Teigen frå eigaren av nistugu Håmår Tjøstel Hansen.

I 1865 og 1875 var Hans Pedersen husmann med jord på Teigen. Hans Pedersen Tolstadeie f.ca.1837 var son til Peder Hansen Pillervigen og Guri Johannesdtr. f.ca.1814. Hans vart 1859 gift med Gunild Olsdotter Myrum f.ca.1838 dotter til Ole Hansen Myrum. I 1900 var Hans og Gunhild husmannsfolk i Enkelykkja. Hans og Gunild hadde 6 barn:

- Johannes f.1860
- Ole f.1862
- Guri f.1865
- Tosten f.1870
- Anton f.1874
- Rønnoug f.1880

I 1900 var Hans Pedersen husmann på øvre Teigen. Hans Pedersen Skårseie 1858-1946 var son til Peder Hansen. Hans vart 1884 gift med Rønnaug Syversdotter Tolstadeie f.1859 dotter til Syver Arnesen. I 1900 var dei husmannsfolk på øvre Teigen. Hans og Rønnaug hadde 5 barn:

- Ingri f.1880
- Syver f.1885
- Peder f.1888
- Mathias f.1896
- Anne f.1900

Teigen gnr. 4 bnr. 7 vart frådelt frå nedre Håmår gnr. 4 bnr. 1 i 1910 med skjøte i 1911 frå Knut Hammer til Iver P Kjølstad 1891-1953 for kr 1200. Iver var son til Peder Olsen Kleiven og Ingrid Knutsdtr. Ruskeløkken 1863-1942. I 1920 budde Iver og familien på nedre Kjølstad, han vart nemnd som gardbrukar og det kan vera på øvre Teigen for faren var husmann på Kjølstad. Iver var gift med Anne Iversdotter Sveine, Lom 1878-1954, dei kjøpte Drågen i 1924 og flytta dit. Iver og Anne hadde 2 barn:

- Paul f.1920.
- Marit f.1924

I 1927 var det skjøte på Teigen frå Iver P Kjølstad til broren Ole P Kjølstad for kr 5000. Ole f.1903 og systera Torø f.1898 budde på Teigen.

I 1972 var det skjøte på nedre Kjølstad gnr. 154 bnr. 28 og Teigen gnr. 4 bnr. 7 frå Ole P Kjølstad d.1976 til Ole J Skaar 1907-1977. Ole Kjølstad skulle ha disposisjonsrett til stugu mm. på Teigen.

John Skaar f.1935 fekk skjøte i 1979 på Teigen og nedre Kjølstad.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997

Nedre Teigen

I 1865 vart dette nemnd som Teigen under øvre Håmår, øvre Håmår kom saman med Taulstad i 1832 og dermed var Teigen husmannsplass under Taulstad.

Syver Iversen Tolstadeie f.ca.1828 var son til Iver Johannesen Tolstadeie. Syver vart 1861 gift med Marit Johnsdotter Weggumseie Amundgaard 1841-1890, dotter til John Engebretsen f.ca.1813 d.1868 og Mari Hansdtr. Hanslien 1817-1857. Syver og Marit hadde 4 barn:

Rønnaug f.1860

Mari 1869-1869

Mari f.1870

Kari 1875-1948, neste brukar

Kari var gift med Tor Hansen Torstuen 1873-1943, son til Hans Engebretsen. Tor og Kari kjøpte øvre Kjølstad i 1930. Tor og Kari hadde 2 barn:

Ragna f.1901

Marit f.1907, g.m. Ola Skår 1901-1977

Nedre Teigen gnr. 1 bnr. 18 vart frådelt frå Taulstad i 1949 med skjøte i 1950 til Trygve O Skaar f.1936. Trygve Skaar var son til Marit Teigen og overtok såleis etter at bestemora Kari døydde i 1948.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketellingar mm.

Einarsplassen

Fyrste kjende brukar ca. 1780-1790 var Syver Olsen Bakken f.ca.1742 d.1805. Syver vart 1771 gift med Anne Olsdotter Skaar ø. 1747-1834 dotter til Ola Syversen Skaar 1714-1789 og Marit Jonsdtr. 1715-1789. Familien overtok øvre Skaar i 1790. Syver og Anne hadde 1 barn:

Ole 1772-1863, g.m. Imbjør Hansdotter Klokkargarden f.ca.1778 d.1867. Skaar og Spelmannstugu.

Frå om lag 1790 var brukaren Lars Pedersen Stade 1753-1800 son til Peder Nilsen Stade f.1724 og Rønnov Jonsdtr. Lars var gift med Anne Jonsdotter Holbøseie f.ca.1757 d.1836. Enkja Anne var i 1801 brukar av plass under Rottem (da nemnd som Pedersdtr.). Lars og Anne hadde 5 barn:

Rønnov 1782-1851, g.m. Iver Olsen Kjeldløkken 1788-1864. Til Osperanden
Mari 1785-1871, (død i snøskriu), neste brukar
Marit f.1792, g.m. Jon Olsen Hølmø 1795-1839. Til Håkenstadeie Jellet
Peder f.1796
Jon 1798-1801

Mari vart 1813 gift med Jakob Jakobsen Rustmo Veggumseie 1794-1846 son til Jakob Jonsen Rustmo og Guri Iversdtr. Jacob Enerspladsen vart nemnd i liste over husmannspengar i 1832. Mari og Jakob hadde 6 barn:

Guri f.1814, g.m. Knut Østensen Sørlien. Til Amerika 1874
Anne f.1816, g.m. Syver Gulbrandsen Fossen
Kari 1821-1867, g.m. Erik Olsen Bakkom n. 1819-1906
Mari 1823-1825
Mari 1826-1827
Jakob 1830-1910, neste brukar

Jakob f.1830 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Einarsplassen. Jakob gift med Synnev Martinsdotter nørdrø Brobakken Bjølstadeie, Heidal 1825-1885. Jakob reiste til Amerika i 1907. Jakob og Synnev hadde 7 barn:

Mari 1851-1851
Jakob f.1852, neste brukar
Rønnov 1854-1953, til Amerika ca. 1885
Ole 1857-1936, til Amerika før 1885
Peder 1860-1933, til Amerika ca.1885
Mari 1836-1871 (død i snøskriu)
Anne 1866-1871 (død i snøskriu)

Jakob f.1852 vart 1887 gift med Ingebjørg Iversdotter øvre Rusten Faukstadeie, Heidal f.1862 dotter til Iver Pedersen f.1814 og Ingeborg Olsdtr. Amundstad f.1816. Jakob var i 1900 og 1910 husmann på Einarsplassen. Einarsplassen gnr. 154 bnr. 11 vart 1912 frådelt frå Rottem med skjøte i 1913 frå Iver J Kleiven til Jakob Einarsplassen for kr 350,-. Jakob og Ingebjørg hadde 4 barn:

Mari 1886-1975, g.m. Ole Olsen Ymbjørgøyen 1885-1916

Ingeborg f.1888, g.m. Magnus Karlsen, Trondheim

Anne f.1893, g.m. Henry Johannesen Sundt

Inga 1895-1986, neste brukar

Jakob hadde før ekteskapet 3 barn:

Anton f.1873, mora var Mari Pedersdtr. Teigen Faukstadeie f.1848. Til Trondheim.

Iver f.1877, mora var Marit Hansdtr. Randen, Skåbu. Til Amerika.

Jakob 1883-1884, mora var Anne Jakobsdtr. Jakobstad, Sel.

Inga overtok etter faren i 1923 med skjøte for kr 3000. Ho vart 1930 gift med Ragnvald Paulsen Sletten 1891-1965 son til Paul Paulsen Sletten Harlaugsæter og Rønnaug Olsdtr. Ødegården f.1852. P.g.a. snøskriufare vart Einarsplassen fråflytta i 1955, nye hus vart bygde på tomt ved Lalm sentrum Skoglund gnr. 156 bnr. 15. Inga og Ragnvald hadde 2 barn:

Rolf Paul 1930-1983, neste brukar

Ruth Inger 1932-2005, g.m. Peder Olsen Kleiven f.1924. Til Dokken.

Inga hadde før ekteskapet 1 barn:

Ida Johanne 1917-2004, g.m. Pål Olsen Reiremo 1916-1962

Rolf Paul overtok etter mora i 1970. Rolf vart 1957 gift med Ruth Torgersdotter Kjennseth f.1937 dotter til Torger Davidhaugen Kjennseth, Sør-Fron f.1896 og Marie Berget, Nord-Fron f.1895. Rolf og Ruth har 2 barn:

Bodil Unni f.1957, g.m. Jostein Tho

Roar Torger f.1962, neste eigar

Roar er gift med Randi Olsdotter Valde s. f.1966, dei bur på sygard Valde.

Kjelder:

Paul Brun: Slektoversikt Einarsplassen

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Barhaugen

Peder Barhaugen var i 1776 nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja. Peder f.ca.1725 d.1807 var frå søre Stade son til Nils Jakobsen og Thore Larsdtr. Stade d.1733. Peder vart 1747 gift med Brit Larsdotter d.før.1801. Peder og Brit hadde 6 barn:

Thorø 1748-1749

Niels f.1851

Jakob f.1756

Torø 1758-1776

Elie 1761-1763

Elie 1764-1813, neste brukar

Elie vart 1790 gift med Svend Amundsen Raastad m. 1764-1842 son til Amund Raastad m. f.ca. 1710 d.1792 og Gunhild Iversdtr. Siem 1720-1810. Svend vart i 1801 nemnd som husmann under Rottem. Svend og Elie hadde 8 barn:

Poul f.1790

Peder f.1792, til Tolstadeie Kolstad

Amund f.1796-1801

Lars 1798-1874, g.m. Kari Pedersdtr. Bjørnstad f.ca.1808 d.1863. Til Gurilykkja

Iver 1800-1801

Rønnov 1802-1886, neste brukar

Amund f.1805

Gunild f.1808

Rønnaug vart 1821 gift med Hans Erlandsen Lien Øverlien son til Erland Pedersen Øverlien. Hans Barhaugen vart nemnd i liste over husmannspengar i 1832. Da Svend døydd i 1842 flytta Rønnaug og Hans til Brennhauget i Ottdalen. Rønnaug og Hans hadde 5 barn:

Erland f.1827, g.m. Guro Andersdtr. Øverli, Lom f.ca.1821

Ingeborg f.1830

Peder f.1834

Rønnog f.1841

Anne f.1845

Frå 1842 var det nye brukarar i Barhaugen. Johannes Eriksen Engan, Dovre 1814-1848 var son til Erik Johannesen Siljehaugen, Dovre 1781-1820 og Guri Bjørnersdotter Ekre, Dovre. Frå 1816 til 1821 eigde faren ein tredjedel av Rottem. Johannes vart 1841 gift med Gunild Jørgensdotter Krogstad u. Vigerust, Dovre f.ca.1819 d.1884 dotter til Jørgen Mikelsen Krogstad. I 1865 og 1875 var enkja Gunild husmann med jord. Johannes og Gunild hadde 3 barn:

Jørgen f.1843, neste familie

Syver f.1845

Johannes f.1848

Jørgen vart 1874 gift med Mari Olsdotter Sandbueie f.ca.1852 dotter til Ole Olsen. I 1891 var det ikkje busetjing i Barhaugen, familien budde i nedre Kjøstad. Jørgen og Mari hade 7 barn:

Johannes f.1874

Mari f.1876

Gunild f.1879

Anne 1882-1883

Anne Gurine f.1883

Olga f.1887

John f.1890

I 1900 budde det ikkje folk i Barhaugen. Barhaugen med Gurilykkja gnr. 154 bnr. 7 vart frådelt frå Rottem i 1908 med skjøte frå Iver J Kleiven til Anders S Sveen for kr 2000. Familien budde i Gurilykkja til omlag 1910. Skogheim (Gurilykkja) gnr. 154 bnr. 9 vart frådelt frå Barhaugen i 1912. Anders Syversen Sveen f.1874 son til Syver Olsen vart 1898 gift med Oline Hansdotter Sørlien f.1873 dotter til Hans Olsen og Kirsti Larsdr. Gurilykkja. Anders og Oline hadde 9 barn:

- Mari f.1898
- Kristine f.1901
- Anders 1903-1964, neste brukar
- Hans f.1905
- Else f.1907
- Anne f.1910
- Syver f.1912
- Ola f.1915
- Oskar f.1917

Anders overtok i 1921. Han vart 1926 gift med Mathea Volden, Heidal 1902-1990. Anders og Mathea hadde 4 barn:

- Arvid f.1928
- Oddvar f.1930
- Kjell f.1932, neste eigar
- Agnes f.1942

Kjell overtok i 1964. Han vart 1962 gift med Mari Mathiasdotter Lyen, Heidal f.1939. Kjell og Mari har 2 barn:

- Anita Marie f.1963
- Venke f.1968

Kjelder:

Paul Brun: Slektsoversikt Barhaugen
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Gurilykkja – Skogheim

Lars Svendsen Barhaugen 1798-1874 var son til Svend Amundsen Raastad m. Barhaugen 1764-1842 og Elie Pedersdr. Barhaugen 1764-1813. Lars vart 1830 gift med Kari Pedersdotter Bjørnstad f.ca.1808 d.1863 dotter til Peder Bjørnstad. Lars Svendsen vart nemnd i liste over husmannspengar i 1832 og 1833, i 1865 var Lars husmann med jord i Gurilykkja. Lars og Kari hade 4 barn:

- Eli f.1830, g.m. John Lundebakken, Ringebu. Til Amerika
- Paul 1832-1846

Kirsti f.1841, g.m. Hans Olsen Sørlien f.1843. Til Øyhusom
Kari f.1845

I 1875 var Anne Engebretsdotter, Lesja f.1840 inderst i Gurilykkja, det vart ikkje nemnd nokon husmann. Anne Norderhusgrinden var dotter til Engebret Andersen. Anne vart 1863 gift med Jakob Iversen Rottemseie f.1833 son til Iver Henningsen Haagenstadeie Rottemseie f.ca.1790 og Mali Jakobsdr. Sundlieiet f.ca.1803. Jakob var i 1865 og 1875 gardskar på Rottem. I 1900 og 1910 var Anne og Jakob husmenn på øvre Bakkom, i 1891 var familien også der og da var det sonen Iver som var familiens overhovud. Jakob og Anne hadde 3 barn:

Iver f.1863, til øvre Bakkom

Mari f.1869

Ingeborg f.1872

I 1900 var Iver Iversen husmann i Gurilykkja. I 1910 var Iver 1868-1962 husmann på Saghaugen i Sjørdalen. Iver var son til Ivar Olsen Skreden f.1833 og Mari Toresdr. Løkken f.1831. Iver Iversen Skreden vart 1888 gift med Kari Knutsdotter Morken, Heidal 1866-1942 dotter til Knut Olsen. Dei hadde 5 barn:

Marie 1889-1980, neste eigar

Kristian 1890-1968, g.m. Anna Kluften 1886-1974. Til nørde Løken.

Iver 1894-1987, neste eigar

Anton 1897-1979, g.m. Barbro Åsen 1896-1984

Torvald f.1900

Barhaugen med Gurilykkja gnr. 154 bnr. 7 vart frådelt frå Rottem i 1908 med skjøte frå Iver J Kleiven til Anders S Sveen for kr 2000. Familien budde i Gurilykkja til omlag 1910 og etter det i Barhaugen. Anders Syversen Sveen f.1874 son til Syver Olsen vart 1898 gift med Oline Hansdotter Sørlien f.1873 dotter til Hans Olsen og Kirsti Larsdr. Gurilykkja. Anders og Oline hadde 9 barn, sjå Barhaugen.

Skogheim (Gurilykkja) gnr. 154 bnr. 9 vart frådelt frå Barhaugen i 1912 med skjøte frå Anders S Sveen til Ola Olsen Bråten. Ola Olsen Bråten 1881-1966 var son til Ole Syversen Bråten ø. Rugsveen 1845-1923 og Ragnhild Olsdr. Ymbjørøyen 1849-1924. Ola vart 1908 gift med Marit Amundsdotter Kluften 1891-1970. Ola og Marit hadde 9 barn:

Ragnhild f.1908

Anne f.1910

Olga f.1912

Aslaug 1915-1988, g.m. Arthur Bråten f.1918

Ola 1919-1994, neste brukar

Martha f.1921

Ella f.1923

Klara f.1926

Sigurd f.1930

Ola Skogheim 1919-1994 overtok i 1966.

Kjell Bråten f.1948 overtok etter onkelen i 1995. Kjell er son til Aslaug og Arthur Bråten. Kjell vart 1970 gift med Agnes Josten, Sel f.1948 dotter til Syver Josten f.1913 og Kari Tho f.1920. Kjell og Agnes har 2 barn:

Kirsten f.1970,
Irene f.1981

Kirsten overtok i 1999. Kirsten er sambuar med Tore Kleiven f.1972. Kirsten og Tore budde ei tid på Skogheim, dei har 2 barn:

Imbert f.1995
Iver f.1998

Kjelder:

Paul Brun: Slektoversikt Guriløkken/Skogheim

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Rottenshågå

Knut Jakobsen var i 1801 husmann under Rottem. Knut Hagen vart også nemnd i liste over husmannspengar i 1776, 1777 og 1778, og også i 1805. Det kan vera denne Knut Jakobsen som 1784 vart gift med Kari Christensdotter 1754-1786. Enkjemann Knut 1762-1822 vart 1788 gift på nytt med Marit Syversdotter f.ca.1765, dei hadde 6 barn:

Jacob 1788-1865, g.m. Ragnhild Thorsdtr. Sandbueie Haugen ø. 1794-1873. Til Sagsletten.
Kari f.1791
Brit f.1793
Knut f.1797
Syver f.1799
Jon 1807-1807

Jakob Jakobsen 1820-1909 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Jakob vart 1845 gift med Ingeborg Engebretsdotter Rottenseige nedre Kjølstad 1826-1894 dotter til Ingebret Pedersen f.ca.1764 og Mali Jonsdtr. Ved barnefødsler frå 1845 vart dei nemnde som husmannsfolk på Rottenseige. Jakob og Ingeborg hadde 9 barn:

Kari f.1845
Mari f.1847
Jacob f.1850
Anne f.1852
Ingebjørg f.1855, neste brukar
Imbert 1858-1863
Marit 1860-1861
Marit f.1862
Imbert f.1865

I 1900 og 1910 var den ugifte Imbjør Jakobsdotter f.1857 husmannskvinne med jord på Rottemshagen. Med Paul Pedersen Bergehaugen f.1857 hadde Ingeborg 1 barn:

Jakob 1879-1943, neste brukar

Med Hans Jonsen på Rottem f.1829 hadde Ingeborg 1 barn:

Marit f.1883, seinare eigar

I 1910 budde Karen Knutsdotter f.1892 saman med Imbjør.

Rottemshagen gnr. 154 bnr. 10 vart frådelt frå Rottem i 1912 med skjøte i 1913 frå Iver J Kleiven til Jakob P Rottemshagen for kr 2400. I 1936 vart det tinglyst erklæring om tvangsauksjon, men auksjonsskjøte i 1938 var til Jakob P Hagen for kr 1700. Jakob var i 1910 tenestekar i Skår. I 1920 var Jakob Hagen 1879-1943 gardbrukar på Hagen. Jakob var sambuar med Karen Knutsdotter f.1891 som truleg var dotter til Knut Iversen Nettet og Kari Hansdtr. Stadeløkken. I 1910 budde Karen på Rottemshågå saman med svigermora. Karen vart seinare gift med Ola Synnes f.1890. Jakob og Karen hadde 1 barn:

Johanna J Hagen f.1910, g.m. Kristian Byre, Garmo

I 1944 vart det tinglyst heimsovergang til einaste myndige arving Marit Hagen i samsvar med gjeldsovertakingserklæring.

Hjalmar Ymbjørgøyen kjøpte Rottemshagen i 1946 med skjøte for kr 3700. Hjalmar 1914-1995 var son til Ola Ymbjørgøien og Mari Einarsplassen. Hjalmar vart 1941 gift med Ragnhild Skjedsvold 1916-1996, dei hadde 7 barn:

Odd Jarle 1941-1948

Magnus f.1943, g.m. Gunhild Skaar n.

Marit f.1945, var g.m. Vidar Laugerud

Jorunn Olaug f.1947, var g.m. Kristian Haraldseth

Odd Jarle f.1949, neste brukar

Hallvard f.1951, g.m. Gudveig Eglum

Reidar f.1954, g.m. Oddveig Øiom

Odd Jarle overtok etter faren i 1970. Han vart 1972 gift med Grete Fonstad f.1953 dotter til Jan Fonstad f.1923 og Ingrid Mosebakken f.1932. Odd og Grete har 3 barn:

Ove f.1972

Jo Henning f.1975

Rose Iren f.1978

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Rottenskleiven

Ole Eriksen Bakkom nedre 1783-1860 var son til Erik Olsen Lindsøe, Dovre f.ca.1747 d.1841 og Brit Olsdotter Kleppe s. 1751-1834. Ole vart 1810 gift med Ragnhild Ingebretsdtr. f.ca.1787. Ved barnefødsler var dei husmannsfolk på Rottenseie eller Kleven under Rottem frå 1829. Ole Eriksen vart nemnd i liste over husmannspengar i 1832. Ragnhild var i 1865 føderådscone. Ole og Ragnild hadde 6 barn:

Ingebret f.1814

Tjøstel 1817-1842

Rønnov f.1821

Ole f.1823

Brith f.1829, neste brukar

Ragnhild f.1833

I 1865 og 1875 var Petter Pedersen husmann med jord under Rottem. Petter Carl Pedersen, Solbraa Fron f.ca.1830 var gift med Brit Olsdotter Rottenskleiven, fram til 1862 vart dei nemnde som inderstar og frå 1864 som husmannsfolk så da hadde dei overteke plasse, Petter og Brit hadde 10 barn:

Ole f.1853

Christian f.ca.1856

Petter f.1858

Søren f.1860

Iver f.1862

Sørine f.1864

Ragnhild f.1866

Pauline f.1868

Anton f.1871

Agate f.1873

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.